



ARKOCONSULT AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - oppstart - Reguleringsplan - Alver - Mangerøy industriområde - Kjebogen II - 2020 1114

Vi viser til melding om oppstart av reguleringsplan for Mangerøy industriområde – Kjebogen II.

Formålet med planarbeidet er å kople to industriområde saman slik at ein ikkje treng å køyre ut på hovudvegen. Sjølv om deler av planområdet er næringsformål i overordna plan, er planforslaget i strid med byggegrense mot sjø, hamneområde i sjø og grønstruktur på land.


Statsforvaltaren er i utgangspunktet kritisk til planer som ikkje er i samsvar med overordna plan.

Det må i planarbeidet gjerast ei grundig vurdering av verdiane i strandsona. Reguleringsplanen bør til dømes ikkje sperre ålmenta sin tilgang til sjøen.

Det må også gjerast i grundig vurdering av kva verknad utfylling i sjø vil ha på naturmangfald. Slike grunne områder i sjø er ofte funksjonsområder for fuglar, og det er registrert fleire raudlista fugleartar i nærleiken. Område ligger også nært ein større kamskjelførekost og gytefelt for torsk.

Vi gjer merksam på at vassførekomsten i sjøen er registrert med dårleg kjemisk tilstand i Vannett. Det er funnet perfluoroktylsulfonat (PFOS) i ei prøve i vassførekomsten, men elles er det lite informasjon om kjemisk tilstand. Vi viser til vassforskrifta § 4 og 6, som mellom anna seier at tilstanden i vatnet skal beskyttast mot forverring, forbeholdt og gjenoppsettast med sikte på at vassførekomsten skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Det må vurderast i planarbeidet om tiltak som planen opnar for kan påverke tilstanden i vassførekomsten.

Vi kan ikkje sjå at planinitiativet omtalar massehandtering. Vi meiner at planarbeidet må omtale og handtere dette temaet. Både mengde overskotsmasser/underskot på masser bør omtalast. Kvalitet på massane bør også omtalast, til dømes om det er svartelista arter eller forureina masser i området. Dersom planen fører til stort overskot/underskot/omdisponering av massar bør det utarbeidast ein massehandteringsplan som del av reguleringsplanen. Denne skal då vera i tråd med ressurspyramiden.



Statsforvaltaren minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 4
Postboks 7900

5906
5020

FREKHAUG
BERGEN